

Retningslinjer for felling av skadedyr i Ulvik Herad

Vedteke av Ulvik Viltnemnd 29.01.2008

Etter § 13 i Viltlova kan heradet gje løyve til felling av hjortevilt som gjer skade ”av betydning på fast eiendom, avling, frukttrær eller bærbusker, eller vesentlig skade på skog.”

Ulvik Viltnemnd legg følgjande føringar til grunn ved handsaming av § 13 i viltlova

- 1) Løyve til felling av skadedyr er unntakstilfelle og skal berre gjevast som strakstiltak for å unngå betydeleg økonomiske tap hjå skadelidande. Løyve er ikkje å sjå som erstatning eller supplement til ordinær jakt, men føreset at rimelege resursar er sett inn i den ordinære jaktperioden. Over tid føreset viltnemnda at skadelidande søkjer andre tiltak for å redusera skaden. Det blir normalt ikkje gjeve løyve for moderat beiting på utvaksne frukttrær, eng, rundballar og i private hagar
- 2) Søknad om felling av skadedyr skal gjerast skrifteleg av skadelidande eller tilhøyrandes hjorteviltvald. Søknaden skal omtala skadeomfang, stad og andre tiltak som er satt i verk for å redusera skaden. Søknaden skal også seie noko om tal på dyr som ønskjast felt fordelt på alder og kjønn, og i kva tidsrom jakta skal gå føre seg.
- 3) Ulvik Viltnemnd skal handsama skadefellings søknad som hastesak etter synfaring. Viltnemnda vil etter eige skjøn vurderer skadeomfang og førebuanes tiltak (jaktuttak, skremmel og gjerding). Nemnda tek og ei vurdering om det omsøkt fellingsløyve vil ha tilsikta effekt.
- 4) Søknaden blir enten skrifteleg godkjent som omsøkt, godkjent med endringar eller avslått. Eventuelt fellingsløyve skal innehalda tal på dyr (eventuelt fordelt på alder og kjønn) tidsrom og område for jakta. Tildelt område er aktuelt for frukthage/åker med tilstøytandes areal der ein med rimeleg sikkerheit kan vente å felle aktuelle skadedyr. Løyvet skal og klargjera om felte dyr tilfell søkjande hjorteviltvald med godkjend bestandsplan, eller om det skal gå til viltfondet når einskildperson eller vald utan godkjend plan er søkjar.
- 5) Handsaming av søknad om fellingsløyve for hjortevilt tilfaller dei medlemmer av viltnemnda som til ein kvar tid er delegert mynde etter § 13 i viltlova jamfør sak i viltnemnda VIL 004/00.
- 6) Aktuelle vedtak kan ankast etter forvaltningslova.